

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

Noralv Distad (H) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Utvalet vedtok samrøystes at Distad var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 1. Distad tok ikkje del i saksbehandlinga.

Natalia Golis (MDG) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho sit i styringsgruppa for Vestnorsk fjordlandskap. Utvalet vedtok samrøystes at Golis var habil, og ho deltok dermed i saksbehandlinga.

Knut Inge Andersen (FNB) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er varamedlem i styringsgruppa for Vestnorsk fjordlandskap. Utvalet vedtok samrøystes at Andersen var habil, og han deltok dermed i saksbehandlinga.

Avrøysting

Det var 16 medlemer til stades.

Innstillinga vart vedteke mot 4 røyster (Frp, UA og FNB).

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser positivt på etablering av eit autorisert verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.
2. Fylkesutvalet tek arbeidet med forprosjektet til vitande.
3. Fylkesutvalet ber om ei samla sak med oversikt over status for dei tre planlagde verdsarventra for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje